

Innkalling

Utval	Sykkylven kontrollutval
Møtestad	Sykkylven rådhus, formannskapssalen
Dato	09.03.2022
Tidspunkt	kl 14:00

Den som har lovleg forfall eller vil ha vurdert habilitet til ei eller fleire av sakene, må melde frå snarast mogleg til sekretariatet på e-post: post@sksiks.no eller på telefon 90741399.

Varamedlem møter etter nærare innkalling.

Sakliste

PS 06/22	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 07/22	Oppfølging av kommunestyrevedtak knytt til forvaltningsrevisjon 2021
PS 08/22	Forvaltningsrevisjon 2022 - Sykkylven kommune
PS 09/22	Meldingar
MS 02/22	Invitasjon til fagkonferanse kontrollutval - Forum for kontroll og tilsyn FKT 8.- 9.06.2022

Ålesund, 02.03.2022

Leonhard Vårdal
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 06/22	Sykkylven kontrollutval	09.03.2022

Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Vedlegg

Protokoll - Sykkylven kontrollutval - 26.01.2022

Møteprotokoll

Utval	Sykkylven kontrollutval
Møtestad	Vestibyllen, kulturhuset
Dato	26.01.2022
Tidspunkt	kl 14:00 - 15:40

Følgjande medlemmer møtte

Grethe Melseth
Kjellaug Roald
Leonhard Vårdal
Målfinn Aanning
Petter Hole-Drabløs

Møtenotat

Frå administrasjonen møtte kommunedirektør Geir Ove Vegsund og økonomisjef Torbjørn Emblem.

Under sak OS 01/22 Orientering om Sykkylven legesenter deltok kommunalsjef Ragnhild Hanken Skjong via Teams.

Frå kontrollutvalsekretariatet deltok dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Leonhard Vårdal
Leiar kontrollutval

Bjørn Tømmerdal
Dagleg leiar SKS IKS

Sakliste

PS 01/22	Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 02/22	Orienteringar
OS 01/22	Orientering om drifta av Sykkylven legesenter
PS 03/22	Meldingar
MS 01/22	Kontrollutvalsboka revidert utgåve 2022
PS 04/22	Interimrevisjon 2021
PS 05/22	Årsmelding 2021 Sykkylven kontrollutval

PS 01/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Sykkylven kontrollutval 26.01.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

SYKU - 01/22 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 02/22 Orienteringar

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringane til vitande.

Sykkylven kontrollutval 26.01.2022

Behandling

SYKU - 02/22 vedtak

OS 01/22 Orientering om drifta av Sykkylven legesenter

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Sykkylven kontrollutval 26.01.2022

Behandling

Kommunalsjef Ragnhild Hanken Skjong ga kontrollutvalet ei oppdatering på saka om etablering og drift av Sykkylven legesenter. Ho fokuserte på kommunen sitt ansvar og plikter, utfordringsbiletet og årsaker til dagens status.

SYKU - 01/22 vedtak

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

PS 03/22 Meldingar

Sykkylven kontrollutval 26.01.2022

Behandling

SYKU - 03/22 vedtak

MS 01/22 Kontrollutvalsboka revidert utgåve 2022**Tilråding til vedtak:**

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Sykkylven kontrollutval 26.01.2022

Behandling

SYKU - 01/22 vedtak

PS 04/22 Interimrevisjon 2021**Tilråding til vedtak:**

Sykkylven kontrollutval tek oppsummeringa frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

Sykkylven kontrollutval 26.01.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

SYKU - 04/22 vedtak

Sykkylven kontrollutval tek oppsummeringa frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

PS 05/22 Årsmelding 2021 Sykkylven kontrollutval

Tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval godkjenner årsmeldinga for 2021. Den blir å sende over til kommunestyret til orientering.

Sykkylven kontrollutval 26.01.2022

Behandling

Votering: Samrøystes

SYKU - 05/22 vedtak

Sykkylven kontrollutval godkjenner årsmeldinga for 2021. Den blir å sende over til kommunestyret til orientering.

Saksframlegg

Saksnr. Utval
PS 07/22 Sykkylven kontrollutval

Møtedato
09.03.2022

Oppfølging av kommunestyrevedtak knytt til forvaltningsrevisjon 2021

Tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval inviterer kommunedirektøren til å gje ei orientering om korleis vedtak etter forvaltningsrevisjon offentlege innkjøp og anskaffingar er fulgt opp, på kontrollutvalet sitt møte 14.09.2022.

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har i 2021 bestilt og fått levert ein rapport på forvaltningsrevisjon innan offentlege innkjøp og anskaffingar i Sykkylven kommune. Denne vart handsama av Sykkylven kontrollutval 24.11.2021 og sendt over til kommunestyret med følgjande tilråding:

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonen om innkjøp og offentlege anskaffingar til vitande.
2. Kommunestyret tilrår kommunedirektøren å innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten kapittel 6 for å gjere denne type arbeid betre i Sykkylven kommune. Spesielt bør ein prioritere å lage eit skriftleg reglement med mål, forventningar og strategi for innkjøp og anskaffingar.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren spesielt sjå nærare på sikring av opplæring for dei tilsette som gjer offentlege innkjøp og anskaffingar.
4. Kommunestyret bed om ei sak på oppfølging av punkta 2. og 3. innan utgangen av 1. halvår 2022.

Sykkylven kommunestyre handsama rapporten med tilrådinga frå kontrollutvalet, i sitt møte 13.12.2021 sak 91/21. Kommunestyret gjorde vedtak lik kontrollutvalet si tilråding.

Vurdering:

Som oppfølging av revisor sine tilrådingar i rapporten og i lys av kommunestyret sitt vedtak bør kontrollutvalte følgje opp denne vidare. I vedtaket kommunestyret gjorde ligg det ei bestilling til kommunedirektøren som kontrollutvalet kan følgje opp.

Det kan difor vere naturleg at kontrollutvalet bed om ei orientering frå kommunedirektøren, på første kontrollutvalsmøtet i 2. halvår 2022.

Vedlegg

Kommunestyrevedtak 13.12.2021 i sak om forvaltningsrevisjon 2021



Arkiv: FE-033
JournalpostID: 21/15607
Saksbehandlar: Torill Skjeret
Dato: 30.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 91/21	Kommunestyret	13.12.2021

Forvaltningsrevisjon 2021 - offentlege innkjøp og anskaffingar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Sjå tilråding frå kontrollutvalet i vedlegg.

Kommunestyret - 91/21

KST - behandling:

Forvaltningsrevisor Anne Lise Roald frå Møre og Romsdal revisjon SA orienterte om funna i rapporten.

Økonomisjef Torbjørn Emblem orienterte om kommunen sitt tilsvar og vidare arbeid.

Samrøystes vedtak: Som tilrådinga frå kontrollutvalet.

KST - Vedtak:

1. Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonen om innkjøp og offentlege anskaffingar til vitande.
2. Kommunestyret tilrår kommunedirektøren å innarbeide dei merknadene som kjem fram i rapporten kapittel 6 for å gjere denne type arbeid betre i Sykkylven kommune. Spesielt bør ein prioritere å lage eit skiftleg reglement med mål, forventningar og strategi for innkjøp og anskaffingar.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren spesielt sjå nærare på sikring av opplæring for dei tilestte som gjer offentlege innkjøp og anskaffingar.
4. Kommunestyret bed om ei sak på oppfylging av punkta 2 og 3 innan utgangen av 1.halvår 2022.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet si sak 19/21

Saksopplysningar

Sjå vedlagte saksutgreiing og tilråding frå Sykkylven kontrollutval, sak 19/21 i møte den 24.11.21

Vurdering

Økonomiske konsekvenser

Geir Ove Vegsund
kommunedirektør

Synnøve Hunnes
einingsleiar Fellestenestene

Vedlegg:

Korrigert sak med påført vedtak forvaltningsrevisjon offentlege innkjøp og anskaffingar
rapport - forvaltningsrevisjon offentlege innkjøp og anskaffingar - Sykkylven kommune

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 08/22	Sykkylven kontrollutval	09.03.2022

Forvaltningsrevisjon 2022 - Sykkylven kommune

Tilråding til vedtak:

Sykkylven kontrollutval bestiller ei skisse til prosjektplan for forvaltningsrevisjon 2022, innan ressursbruk på barnehageområdet..

Prosjektplanen må innehalde forslag til problemstillingar i tråd med kontrollutvalet sine innspel i dette møtet, samt overslag på bruk av ressursar og ha ein framdriftsplan.

Kontrollutvalet bed om at prosjektplanen vert lagt fram i Sykkylven kontrollutval sitt neste møte 11. mai 2022.

Bakgrunn:

Sykkylven kommunestyre har i KS-sak 66/20 vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2023 med følgjande prioriterte fokusområde:

2. Ressursbruk i barnehageområdet
3. Bruk av spesialundervisning i oppvekstsektoren

Forvaltningsrevisjon på offentlege innkjøp er gjennomført og endeleg rapport vart handsama i kommunestyret 13.12.2021 sak 91/21.

Forvaltningsrevisjon er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet. I kommunelova § 23-3 første ledd blir forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak. Forvaltningsrevisjon er eit verktøy som kommunestyret og kontrollutvalet skal nytte for å sikre at kommunen på best mogleg måte tek omsyn til innbyggjarane sine behov og rettar.

Vurdering:

Kontrollutvalet må drøfte om det er ein forvaltningsrevisjon eller ein eigarskapskontroll dei vil gjennomføre i 2022, ut frå dei ressursar dei har tilgjengeleg. I Sykkylven kontrollutval si

budsjettramme vedteken av kommunestyret er det sett av ressursar til enten ein forvaltningsrevisjon eller ein eigarskapskontroll i 2022.

Eigarskapskontroll er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet (kommunelova § 23-4), og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa er under demokratisk styring og kontroll. Sekretariatet tilrår at eigarskapskontrollen vert lagt til første halvår av 2023 og at kontrollutvalet heileir bestiller ein forvaltningsrevisjon i 2022. Sekretariatet er kjent med at administrasjonen ynskjer å arbeide med eigarskapsmeldinga no i vår og dermed har ikkje Sykkylven kommunestyre vedtatt denne enno. Sekretariatet trur at ein forvaltningsrevisjon vil ha større interesse og verdi for kommunestyret sin eigenkontroll dette arbeidsåret.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon så fekk kontrollutvalet mynde til å foreta endringar av planen i perioden og kan sjølvstendig gjere omprioritering dersom risiko er endra eller at utvalet si vurdering er vesentleg annleis no enn når planen vart vedteken.

Ut frå prioriteringa i vedteken plan for forvaltningsrevisjon er det ressursbruk innan barnehageområdet som står for tur. Kontrollutvalet bør drøfte om dei ynskjer å følgje denne prioriteringa eller endre den, men då på bakgrunn av endra risiko eller ny vurdering av kva som er vesentleg. For å vurdere kva som er vesentleg kan ein som hjelp nytte ulike perspektiv:

- brukarperspektiv
- politisk perspektiv
- samfunnsperspektiv
- økonomisk perspektiv
- medarbeidarane sitt perspektiv
- omdømmeperspektiv

Om ein tek som utgangspunkt at det er ein forvaltningsrevisjon på ressursbruk innan barnehageområdet som står for tur, så vil det vere særst nyttig for den som skal lage prosjektplanen om kontrollutvalet kjem med innspel og kan gjere bestillinga tydeleg. I risiko- og vesentlegvurderinga som vart gjennomført i 2020 (kontrollutvalet sak 14/20) finn ein på s. 24 at det vert peika på nokre risikofaktorar knytt til barnehageområdet. (Illustrasjonen under er tatt frå dette dokumentet)

RISIKOVURDERING BARNEHAGE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Barnehagane held ikkje økonomisk ramme	Barnehageområdet hadde eit mindreforbruk i 2019. Tilskot til private barnehagar avhenger av eigne driftsutgifter. Utgifter til spes.ped. over budsjett.	Barnehagane brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	L	M	
Kvaliteten i barnehagane er ikkje tilfredsstillande	Fleire barnehagar har dispensasjon frå pedagognormen. Andel barnehagelærarar er som samanlikkbare kommunar. Høgt tal på spes.ped. hjelp.	Barna får ikkje eit kvalitativt rett tilbod	M	M	
Kommunen fyller ikkje opp krav om rett til barnehageplass	Barnehagedekninga er relativt god.	Barn får mindre pedagogisk, sosial og kulturell opplæring enn ønskeleg. Arbeidskraft blir ikkje utnytta. Mindre tilflytting og vekst	L	M	

Ut frå denne vurderinga er der moment som har verdi for bestillinga, men kontrollutvalet bør drøfte og prioritere/velgje ut kva vinkling utvalet ynskjer at forvaltningsrevisjonen skal ha. Og ha i tankane kva ein meiner vil ha størst verdi for kommunestyret og kommunen sitt forbetningsarbeid.

Nokre moment som kanskje kan vere nyttige innsteg for ei brei drøfting i kontrollutvalet, og til hjelp for å spisse prosjektet noko:

- økonomisk ramme i barnehageområdet
- ressursbruk knytt til barnehageområdet i Sykkylven samanlikna med andre kommunar
- grunnbemanning sett i lys av bemannings- og pedagognorm og kompetanserkrav
- faktisk bemanning sett i lys av bemannings- og pedagognorm hensyntatt fråvær
- tilpassa pedagogisk hjelp gjennom ordinært tilbod
- vedtak og tenester for spesialpedagogisk hjelp
- samarbeid mellom barnehage og PP-tenesta
- dekningsgraden sett opp mot rett til barnehageplass
- kommunalt tilbod og privat tilbod, i Sykkylven er der 4 kommunale og 4 private barnehagar

I denne bestillerfasa er det ganske ope og det er her kontrollutvalet legg premissane og retninga for forvaltningsrevisjonen innan ressursbruk barnehageområdet Sykkylven kommune.

Når kontrollutvalet har drøfta kva område ein ynskjer ein revisjon på, så bestiller kontrollutvalsekretariatet ei skisse til prosjektplan hjå Møre og Romsdal revisjon SA. Denne prosjektplanen bør ha med forslag til bakgrunn, føremål, problemstillingar, revisjonskriterium, metode og tids- og ressursbruk. Prosjektplanen vert bestilt slik at den kan verte lagt fram til drøfting i kontrollutvalet på neste møte 11. mai. Då kan ein kan sikre at kontrollutval og oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor er einige om problemstillingane og prosjektplanen før sjølve forvaltningsrevisjonen tek til.

Vedlegg

Barnehage-kart Sykkylven

Risiko- og vesentlegvurdering forvaltningsrevisjon Sykkylven



RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

SYKKYLVEN KOMMUNE

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak eigd av Aukra kommune, Aure kommune, Averøy kommune, Fjord kommune, Giske kommune, Gjemnes kommune, Hustadvika kommune, Kristiansund kommune, Molde kommune, Rauma kommune, Rindal kommune, Smøla kommune, Stranda kommune, Sula kommune, Sunndal kommune, Surnadal kommune, Sykkylven kommune, Tingvoll kommune, Vestnes kommune, Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for eigarkommunane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund med avdelingskontor i Molde og Ålesund. Ved etablering hadde selskapet 26 tilsette.

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har i tråd med tidlegare praksis (Komrev3 IKS), og etter avtale med Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS, gjennomført risiko og vesentlegvurdering av verksemda i kommunen. Dette er meint som grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon (FR).

Dette dokumentet summerer opp resultata frå vår gjennomgang av verksemda i kommunen for å identifisere risikoforhold som kan danne grunnlag for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

I avsn. 1.2 blir det vist korleis vi har forsøkt å antyde risikonivå. Det er ikkje enkelt å dele opp vurderingane i tabellar slik det er gjort her, og det blir subjektivt kor vesentleg noko er. Fargebruken er difor heller ikkje nødvendigvis heilt konsistent. Hovudføremålet har uansett vore å forsøke å få fram opplysningar og innspel til dei vurderingar som Kontrollutvalssekretariatet og Kontrollutvalet skal gjere i arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon.

Ålesund, 18.08.2020

INNHALD

1 Innleiing	6
1.1 Forvaltningsrevisjon.....	6
1.2 Risiko og vesentlegvurdering (ROV).....	7
1.3 Kvalitetsstyring og internkontroll.....	8
1.4 Det kommunale plansystemet	8
1.5 Kjelder	9
2 Kort om Sykkylven kommune	10
2.1 Politisk organisering	11
2.2 Administrativ organisering.....	11
2.3 Økonomiske nøkkeltall.....	11
3 Kommunale tenester – sektorovergripande område.....	13
3.1 Intern kontroll og system for avvik	13
3.2 Openheit og innsyn	14
3.3 Arkiv og dokumentasjon	15
3.4 Digitalisering.....	16
3.5 Saksbehandling.....	16
3.6 Offentlege innkjøp.....	17
3.7 Offentleg støtte	18
3.8 Etikk og varsling	19
3.9 Informasjonssikkerheit og personvern	20
3.10 Arbeidsmiljø og kompetanse	21
3.11 Samfunnssikkerheit og beredskap.....	22
4 Kommunale tenester - sektorar	23
4.1 Barnehage	23
4.2 Grunnskule	24
4.3 Helse	25
4.4 Barnevern	27
4.5 Pleie og omsorg	28
4.6 Psykisk helse og rus	30
4.7 NAV sosialteneste	30
4.8 Kultur.....	31
4.9 Teknisk	32
4.10 Miljø	35

5 Vedlegg.....	37
Statistikk og nøkkeltal	37
Befolkning, befolkningsendring og befolkningsutvikling	37
SSB - KOSTRA	39
Kjelder.....	44

1 INNLEIING

1.1 FORVALTNINGSREVISJON

Jf. Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018 § 23-2 skal kontrollutvalet som sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen og i selskap som kommunen har eigarinteresser i. Kontrollutvalet skal og sjå til at det blir ført kontroll med forvaltinga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. Dette blir omtala som eigarskapskontroll.

Plan for forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3, 2. og 3. ledd går det fram følgande om plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er ein del av kommunen sin eigenkontroll, og kommunestyret sin kontroll med forvaltinga i kommunen. Forvaltningsrevisjonen har som rolle å undersøke om kommunen si verksemd skjer i tråd med gjeldande lover og regler og kommunen sine eigne planer og vedtak. Fokus kan og rettes mot effektivitet og kvalitet i produksjonen av velferd for kommunens innbyggjarar.

Forvaltningsrevisjon vert definert slik i kommunelova §23-3, 1.ledd:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet:

- Synleggjere muligheter til økt produktivitet og måloppnåing
- Få fram styringsinformasjon til avgjersletakarane i kommunen
- Bidra til læring og forbedring i organisasjonen
- Bidra til kommunen sin eigenkontroll

Plan for eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll blir definert slik i §23-4:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunes eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Plan for eigarskapskontroll skal vere basert på ei eiga ROV av kommunen sitt eigarskap. Dette dokumentet inneheld ikkje ei slik vurdering, men dette blir å kome attende til i eige dokument etter avtale med KU-sekretariatet. Eventuelle planlagde forvaltningsrevisjonar av kommunale selskap skal no innarbeidast i plan for forvaltningsrevisjon. Tidlegare gjekk desse fram i det som heitte «Plan for selskapskontroll». Vi har forstått det slik at det er ønskeleg å innarbeide slike planlagde revisjonar i plan for forvaltningsrevisjon i etterkant når ROV for kommunen sitt eigarskap ligg føre.

1.2 RISIKO OG VESENTLEGVURDERING (ROV)

Det er rimeleg at ei ROV, som igjen skal ligge til grunn for plan for forvaltningsrevisjon, tek utgangspunkt i anerkjent teori og metode. Vi legg til grunn det såkalla COSO¹-rammeverka som er utarbeidd med tanke på leiing og styring i alle typar verksemdar, og som kan brukast både i privat og offentleg sektor. Desse rammeverka har fått som status som beskriving av beste praksis på området risiko- og risikostyring.

Med risiko forstår vi faren for at det kan oppstå avvik/hendingar i høve til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar. Kontrollutvalet må ut frå skjøn vurdere dei ulike områda (hendingane) opp mot kvarandre og avgjere kva som er dei mest vesentlege.

Risikovurderingane er knytt til:

- Vurdering av kor sannsynleg det er at risikofaktoren inntreffer
- Vurdering av konsekvens dersom risikofaktor inntreffer

I risikovurderingane blir det teke omsyn til eventuelle tiltak som leiinga i kommunen har sett i verk for å redusere at risikofaktoren skal inntreffe og redusere konsekvensen dersom risikofaktoren inntreffer.

Vi bruker farger for å antyde eit risikonivå. Fargene som blir nytta er grøn (lav), gul (middels) og raud (høg). Vi har vidare valt å bruke ein tabell der valde risikofaktorar blir vurdert i høve sannsynlegheit og konsekvens. Tabellen som blir nytta i rapporten er:

Risikofaktorar	Bakgrunn for risikovurdering		Risiko-vurdering L = lav M = medium H = høg		Risikonivå
	Sannsynlegheit for at risikofaktor inntreff	Konsekvens om risikofaktor inntreff	Sannsynlegheit	Konsekvens	
Område					
			M	H	
Teneste					
			L	M	
Oppgåve					
			L	L	

Risiko er at det skjer noko som gjer at kommunen ikkje når sine målsetnader. Risikofaktorar er mulige hendingar som kan gjer til at kommunen ikkje når sine målsetnader. Analysen set opp risikofaktorar som er vesentlege for om kommunen når sine mål.

¹ COSO-Committee of Sponsoring Organizations of Treadway Commission.

Konsekvensane kan ha følger for eigen verksemd i kommunen og/ eller innbyggjarane i kommunen. Det vil alltid vere ei viss risiko for at kommunen ikkje når sine mål, men mykje av denne risikoen har både lav sannsynlegheit og lav konsekvens.

Som nemnt i forordet er det ikkje lett å låse vurderingane i ein slik forenkla tabell. Fargebruken vil difor ikkje nødvendigvis vere heilt konsistent gjennom dokumentet.

1.3 KVALITETSSTYRING OG INTERNKONTROLL

Kommunedirektøren har eit ansvar for å etablere og følge opp at kommunen har eit tilfredsstillande internkontrollsystem. Dette skal gjerast gjennom system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg styring, måloppnåing og etterleving av reglar.

Sykkylven kommune nyttar kvalitetssystemet RISK MANAGER.

I COSO-modellen er risiko og vesentlegvurdering ein integrert del. Internkontroll er her å forstå som ein kontinuerleg prosess i organisasjonen. COSO er mellom anna omtalt i KS: *Rådmannens internkontroll, Hvordan få orden i eget hus?*:

COSO-rammeverket er sett saman av tre målsetnader og fem komponentar. Desse blir knytt opp til ulike arbeidsprosessar i verksemda.

Dei tre målsetnadane definerer internkontrollen sitt virkeområde(r):

- Målretta og kostnadseffektiv drift
- Påliteleg rekneskapsrapportering
- Halde lover og regler

Dei fem komponentane representerer rammeverket sin arbeidsmetodikk:


- Kontrollmiljø
- Risikovurderingar
- Kontrollaktiviteter
- Informasjon og kommunikasjon
- Leiingsmesse oppfølging og overvaking

Komponentane fortel kva som bør leggjast vekt på og korleis ein kan gå fram for å sikre god internkontroll over arbeidsprosessane.

1.4 DET KOMMUNALE PLANSYSTEMET

Kommunar har ulike styringsdokument som blir nytta til å planlegge, utarbeide tiltak, og for å evaluere verksemda og tenesteytinga. Kommunane er pålagde gjennom lov å utarbeide ein samordna plan for kommunen si verksemd og ei kontinuerleg planlegging og samordning av kommunen si fysiske, økonomiske og kulturelle utvikling. For å tilfredsstille krav i lova er det i samband med kommuneplanarbeidet utvikla eit eige plansystem. Dette slik at kommunestyret skal kunne ha eit styringsverktøy som på bakgrunn av oppnådde resultat (årsmelding) gir grunnlag for å kunne styre kommunen i ei ønska retning.

Handlingsprogrammet vil vise korleis fagområda skal følge opp kommuneplanen og er konkretisert med kortsiktige periodemål basert på dei langsiktige måla i kommuneplanen. I tillegg skal økonomiplanen vise korleis kommunen skal følge opp planstrategien med endelig prioritering av når planoppgåvene skal gjerast og tildeling av ressursar.



Figur: Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet
Kjelde: Miljøverndepartementet sin rettleiar i planstrategi

Årshjulprosessen handlar om korleis arbeidet med dei ulike plandokument og prosessar skal fasast inn i høve til kvarandre. Dette kan vere i forhold til ulike rapporteringar og i forhold til politisk behandling gjennom kalenderåret. Hensikta er å sikre at ulike prosessar blir gjennomført effektivt og til rett tid.

1.5 KJELDER

I tillegg til å ha gått gjennom ei rekkje skriftlege kjelder og statistikk mv (sjå oversyn i eige vedlegg), er det gjennomført:

- Dialogmøte med Kontrollutvalet
- Møte med kontrollutvalssekretær
- Intervju med rådmann og leiargruppe
- Spørjeundersøking til formannskapet
- Spørjeundersøking til einingsleiarar

2 KORT OM SYKKYLVEN KOMMUNE

Det var 7 625 innbyggjarar i Sykkylven kommune 01.01.2020.


Det var 785 personer sysselsatt i kommunal sektor i Sykkylven kommune i 2018. Desse var fordelt på 543 årsverk: 205 i helse og omsorg, 23 i barnevern og sosialtenesta, 160 i grunnskule, 66 i barnehage, 62 i administrasjon, 9 i kultur, 10 på tekniske tenester og 8 i kategorien anna.

På heimesida til kommunen er det delt i følgende tenesteområde:

- Skule
- Barnehage
- Plan, miljø, bygg og eigedom
- Helse, omsorg og velferd
- Kultur, idrett og friluftsliv
- Veg, vatn, avløp og renovasjon
- Brann, feiing og beredskap
- Næring, økonomi og skatt

SSB har følgende oversikt over korleis utgiftene i Sykkylven kommune fordeler seg på nokre utvalde område:

Utgifter etter utvalgte områder. 2019




2.1 POLITISK ORGANISERING

Kommunestyret består av 29 representantar, og er det øvste organet i kommunen. Formannskapet består av 9 representantar og har også funksjonar som m.a. administrasjonsutval (4 av medlemmane saman med 3 medl. frå arb.takarorg.), klagenemnd og valstyre. Det er i tillegg 2 fagutval med 9 representantar kvar: Levekårsutvalet og Nærings- og utviklingsutvalet. Kontrollutvalet har 5 medlemmar. Det er i tillegg fleire råd og utval som ungdomsrådet, rådet for funksjonshemma, eldrerådet og vilt- og innlandsfiskenemda.

Det er utarbeidd eigne reglement for kommunestyret, formannskapet og dei politiske utvala. Det er og utarbeidd delegasjonsreglement. Reglementa gir reglar og oversyn over ansvarsområde og mynde til å gjere vedtak

2.2 ADMINISTRATIV ORGANISERING

Sykkylven kommune er organisert som ein to-nivå-modell med rådmannen som øvste administrative leiar. Med seg i leiargruppa har rådmannen to kommunalsjefar og økonomisjefen. I tillegg til stab/økonomi er det 17 einingar med delegert mynde til kvar einingsleiar.



Kjelde: Sykkylven.kommune.no

2.3 ØKONOMISKE NØKKELTALL

KOSTRA (KOMMune-STat-RAPportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og stilt saman for å gi relevant informasjon til styrande organ både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal gi betre grunnlag for analyse, planlegging og styring, og mellom anna gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål blir nådd.

Under følger nøkkeltal for kommunen henta frå KOSTRA.

Nøkkeltall	Sykkylven				Kostra-gruppe 07	Landet uten Oslo
	2016	2017	2018	2019	2019	2019
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	5,9	1,8	0,3	-0,3	1,4	1,5
Årets mindre/merforbruk i driftsregnskapet i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	3,8	2	2,4	1,7	1	1,1
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	-2,5	4,4	0,7	-0,4	18,2	20,6
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	65,9	64	67,3	69,3	57,5	48
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	87,7	101	96,7	100,3	121,5	111
Frie inntekter per innbygger (kr)	51 909	53 276	54 691	56 641	54 708	57 316
Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	4,6	5,9	5,8	4,4	12	12
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	1,9	14	6,7	8,5	16,6	16,2
Egenfinansiering av investeringene i prosent av totale brutto investeringer (prosent)	26,4	13,8	23,1	24,6	34,4	33,8

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter blir brukt som mål på kommunen sin handlefridom, og er ein viktig indikator på om det er økonomisk balanse i kommunen. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi rår til at nivået på driftsresultatet bør vere 1,75 % av brutto driftsinntekter over tid samla for kommunal sektor. Gjennomsnittet for Sykkylven dei siste 4 åra er 1,9%.

Kommunen har eit økonomireglement som vart oppdatert i 2017. Utkast til nytt økonomireglement er slik vi forstår det på intern høyring og vil bli lagt fram til politisk handsaming i løpet av hausten 2020.

Finansreglementet er oppdatert i 2016. Dette bør oppdaterast så raskt som mogleg. Det er og utarbeidd rutinar for finansforvaltninga, men desse er slik vi forstår det ikkje kvalitetssikra av uavhengig instans. Kommunen har ei historie med økonomiske tap som følge av handel i finansielle derivat. Etter at revisjonen peika på dette har gjeldsforvaltninga i kommunen vore konservativ, og dei finansielle derivata er no ute av kommunerekneskapen. Vi forstår det slik at etter at nytt økonomireglement er handsama i løpet av hausten 2020 vil det så raskt som mogleg også bli lagt fram forslag til nytt finansreglement.

Det er krav i ny kommunelov om at kommunane skal vedta eigne finansielle måltall. Sykkylven vedtok sine måltall i siste møtet i 2019. I tabellen under går måltala og resultat dei siste åra fram:

	Måltal Formannskap	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	min 1,75%	1,8 %	0,3 %	-0,3 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	min 5%	3,9 %	3,6 %	2,8 %
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	maks 100%	91,7 %	92,3 %	93,3 %

Ved rekneskapsrevisjonen for 2018 testa revisjonen vedtak, takst og berekning av eigedomsskatt på nokre tilfeldige eigedomar. Ein fann ikkje avvik i rutinane.

3 KOMMUNALE TENESTER – SEKTOROVERGRIPANDE OMRÅDE

3.1 INTERN KONTROLL OG SYSTEM FOR AVVIK

Innhaldet i internkontrollen i kommunane er løfta frem i den nye kommuneloven kapittel 25. Dei nye internkontrollreglane skal i loven og ny forskrift erstatte kommuneplikta i særlovgiving som gjeld i dag. Det er sett i gang eigen prosess med sikte på å oppheve eller endre internkontrollkrav i særlovgivinga. Dei nye reglane om internkontroll i kommunelova trer i kraft når dette er klart. Fram til kapittel 25 trer i kraft gjeld følgande overgangsreglar jf. § 31-3:

- a. *Kommunedirektøren skal sørge for at administrasjonen er gjenstand for betryggende kontroll.*
- b. *I årsberetningen skal det redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll med virksomheten.*
- c. *Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.*

Rådmannen har ansvar for å etablere og følge opp at kommunen har eit tilfredsstillande internkontrollsystem. Dette skal gjerast gjennom system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg styring, måloppnåing og regeletterleving. Risikostyring og internkontroll skal være ein integrert del av ei heilskapleg verksemdstyring.

Sykkylven kommune nyttar kvalitets-/avvikssystemet Risk Manager. Det har ein eigen modul for avvikshandtering der ein kan/skal melde om aktuelle avvik. I denne modullen går det og fram kva tiltak som blir gjort i høve meldte avvik.

Systemet har og ein modul med dokumentstyring der aktuelle planar, retningslinjer og rutinar går fram for dei forskjellige fagområda – i tillegg til linkar til rettleiarar og regelverk. For dei fleste områda ligg det inne omfattande dokumentasjon.

I årsmeldinga for 2019 står det følgande om internkontroll:

«Kommunen har eit avvikssystem og system for varsling. Innkjøpsreglement er vedteke og i samband med overgang til nytt økonomisystem i år 2012 vart det lagt stor vekt på å sikre betryggande økonomisk internkontroll».

Kommunedirektøren har etablert eit eige Styrings- og kvalitetsutval. Utvalet skal

«kvalitetssikre og utvikle kommunen sine tenester etter lov, forskrift og nasjonale retningslinjer. Kvalitetssikre avvikshandtering. Sette kvalitetsarbeid på dagsorden, etterspør og ha forventingar, samt fremje tverrfagleg samarbeid på tvers av einingar, samt gjere prioriteringar.»

I samband med rekneskapsrevisjonen for 2018 vart rutinane for førebygging av misleg framferd – pasientmidlar og byggjesaksbehandling testa. Det vart ikkje avdekt avvik.

RISIKOVURDERING INTERNKONTROLL OG AVVIKSSYSTEM

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Internkontrollen er ikkje tilfredsstillande	Overordna rutinar som kvalitetshandbok, avvikshandtering, lovsamling, personalhandbok, HMS-handbok, etiske retningslinjer og permisjonsreglementfinnes i kvalitetssystemet og er tilgjengelig for tilsette. Dokumenta er i stor grad oppdatert. Rutinane i kvalitetssystemet er formidla til aktuelle tilsette.	Innbyggerne kan få for dårlege tenester eller ikkje få tenester dei har krav på. Kommunen kan få svekka omdøme.	M	M	
Avvikssystem er ikke tilfredsstillende	Sykkylven har eit avvikssystem og har rutine på å rette opp avvik etter kvart.	Feil blir ikkje retta. Kommunen lærer ikkje av sine feil.	L	M	

3.2 OPENHEIT OG INNSYN

Openheit og innsyn er sentrale føresetnader for eit fungerande demokrati. Offentleglova og kommunelova sine regler om møteoffentlegheit skal legge til rette for at kommunane si verksemd er open og gjennomsiiktig. På den måten blir informasjons- og ytringsfridomen, den demokratiske deltakinga, rettssikkerheita for den enkelte og allmenta sin kontroll sikra.

Sykkylven har fått ny heimeside. Etter vår vurdering har dette gitt ei betring i høve til tidlegare. Kontaktinformasjon ved behov for tenester er relativt lett tilgjengeleg. Det er mogleg kontaktinformasjon til politikarar kunne vore meir tilgjengeleg, men det ligg uansett tilgjengeleg kven som sit i kommunestyre, råd og utval.

Alle sakspapir til politiske møte (med vedlegg) kan no hentast lett ut. Ein kan derimot ikkje lett hente dokument frå gammalt system (før hausten 2019). Det er heller ikkje lagt ut reglement for politiske utval eller etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde. Heller ikkje administrative reglement som økonomireglement, finansreglement eller innkjøpsreglement ligg tilgjengeleg på heimesida.

Postliste er og tilgjengeleg på nett, og her kan ein og søke etter dokument. Dokument som er offentlege ligg opne for innbyggjarane. På rådhuset er det i tillegg service-kontor som kan gi publikumstenester ved betjent skranke og sentralbord.

På forbrukarrådet sin kommunetest kom Sykkylven i 2019 på 321. plass med 45 poeng. Dette er ein test på kor gode kommunane er til å hjelpe folk som har spørsmål om ulike kommunale tenester.

«Pressens offentlighetsutvalg» utarbeidde i 2018 ein openheitsindeks for norske kommunar. Undersøkinga baserte seg delvis på korleis eit krav om innsyn vart handtert, og delvis på kor tilgjengeleg viktig informasjon var kommunane sine heimesider og delvis på eit spørjeskjema til kommunane sjølv. Sykkylven kommune vart rangert som nummer 35 i landet og med berre 2 stk i fylket som fekk betre poengsum.

RISIKOVURDERING OPENHEIT OG INNSYN

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Publikum blir ikkje gitt innsyn i dokument.	Postliste og politiske saker er tilgjengelege på kommunen si heimeside, men historiske dokument er ikkje lett tilgjengeleg.	Innbyggjarane får ikkje informasjonen dei har krav på. Pressen blir hindra i sitt arbeid. Kommunen kan få svekka omdøme.	M	M	
Publikum finn ikkje fram det dei treng om tenestetilbod	Kontaktinfo og søknadsskjema ligg på heimesida. Det er eige servicekontor.	Innbyggjarane får ikkje informasjonen dei treng. Tenester kan bli forseinka. Kommunen kan få svekka omdøme.	L	H	

3.3 ARKIV OG DOKUMENTASJON

Ei gjennomsiiktig forvaltning og innsyn i prosessar og dokument, er ein føresetnad for offentleg diskusjon og dermed for demokratiet. Offentlege organ har plikt til å føre journal mtp den allmenne innsynsretten. Myndigheiter og publikum skal vite at all korrespondanse blir registrert, og at den dermed kan bli spora og overprøvd.

Kommunar og offentlige organ har ansvar for å dokumentere sin eigen aktivitet. I tillegg har arkiva ei samfunnsbetyding for demokratisk aktivitet, forskning og kulturell verksemd. Ein fungerande postjournal og arkivordning er ein grunnleggande føresetnad for å ivareta dette.

Sykkylven kommune nyttar Acos Websak som saks- og arkivsystem, og det er utarbeidd arkivplan². Denne blir kontinuerleg ajourført ved bruk av nye system, og ved lov/forskriftsendringar mv. I arkivplanen går det fram rutinar, arkivorganisering, lover/forskrifter, interne reglar mv. Det ligg til dømes også inne arkivrutinar for dei forskjellige fagsystema. Arkivplanen er ikkje heilt ajour. M.a. er det tidlegare arkivforskrift som ligg inne.

Tidlegare var det eit krav i forskrift om restansekontroll/ta ut restanselister 4 gonger i året. Restanseliste er eit oversyn over dokument i sak-/ arkivsystemet som ikkje er avskrivne med f.eks. brev ut, til etterretning e.l. Dette er ikkje lenger eit krav i forskrift, men det er viktig at det blir følgt opp på ein god måte. I Sykkylven kommune går det fram i rutinen at arkivtenesta skal skrive ut restanseliste fire gonger i året.

Fleire eksterne forvaltningsorgan fører tilsyn med Sykkylven kommune. På arkivområdet blir dette gjort av arkivverket. Arkivverket har ikkje gjennomført tilsyn eller planlagt tilsyn i 2020 med Sykkylven kommune.

² <https://sykkylven.arkivplan.no/>

RISIKOVURDERING ARKIV OG DOKUMENTASJON

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Arkivering er ikkje tilfredsstillande	Kommunen har arkivsystem som er i tråd med lovkrav, arkivplan og retningslinjer. Arkivplan blir løpande ajourført, men litt står att.	Sakshandsaming blir tilfeldig. Det kan oppstå brot på reglar i arkivlova. Kommunen kan få svekka omdøme.	L	M	
Det blir ikkje gjennomført restansekontroll	Det ligg føre rutinar for restansekontroll.	Sakshandsaming blir tilfeldig. Det kan oppstå brot på reglar i arkivlova. Kommunen kan få svekka omdøme.	L	M	

3.4 DIGITALISERING

Digitalisering i offentlig sektor skal bidra til å auke kvaliteten på og effektiviteten i offentlig tenesteyting. Stortinget har eit mål om digitalt førsteval. Dette inneber at nettbaserte tenester skal vere hovudregelen i forvaltninga sin kommunikasjon med innbyggjarar og næringsliv. Ettersom kommunane er ein betydeleg leverandør av offentlege tenester er digitalisering av kommunale tenester avgjerande for å nå målet om et digitalt førsteval. (Meld. St. 27 (2015-2016)).

Søknadsskjema er tilgjengelege på kommunen si heimeside.

I 2018 tok kommune i bruk KS Svar UT i fagsystema Visma Familia og Visma Velferd. Det betyr at alle brev som er ferdigstilt i desse systema blir send via KS Svarut.

Det er m.a. satsa mykje både på velferdsteknologi og digitalisering i skulane slik vi forstår det.

Det er ikkje utarbeidd eigen digitaliseringsstrategi.

RISIKOVURDERING DIGITALISERING

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen gjer ikkje nytte av dei mulighetene som digitalisering gir.	Kommunen har satsa på velferdsteknologi, digitalisering i skulen. Eit område med rask utvikling.	Sakshandsaming tek lang tid. Kommune driv ikkje effektivt. Kan gi svekka omdøme.	M	M	

3.5 SAKSBEHANDLING

Forvaltningsloven inneheld reglar om korleis offentlege myndigheiter skal handsame saker. Dette er viktige reglar fordi dei gjeld den enkelte sin rett til å få handsama sine saker av offentlege myndigheiter på ein forsvarleg og riktig måte. Lova inneheld reglar om sakshandsaming og sakshandsamingstid, om forvaltninga si rettleiingsplikt, om møter, om forvaltninga si plikt til å skrive ned opplysningar og om å bruke fullmektig eller advokat.

Eit høgt tal på klager kan vere ein indikator på svak sakshandsaming. Ein gjennomgang i KOSTRA av klager i samband med byggesøknader og planer, viser at tal på klager ikkje skil seg ut.

I svara på spørjeundersøkinga til einingsleiarane går det og fram at det ikkje er eit stor omfang av klager i kommunen.

I Arkivplanen til kommunen går det fram relativt omfattande dokumentasjon for rutinar for korleis ein skal arbeide med «Dokument og saksbehandling».

Det blir lagt fram vedtaksrekneskap til kommunestyret der det blir orientert om status for gjennomføring av politiske vedtak.

RISIKOVURDERING SAKSBEHANDLING

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens hvis risiko inntreff	S	K	V
Saksbehandling er ikkje tilfredsstillande.	Kommunen har eit saks- og arkivsystem med malar og rutinar. Ikkje stor omfang av klager.	Innbyggjarane kan få for dårlege tenester, eller ikkje få tenester dei har krav på. Kommunen kan få svakke omdøme.	M	M	

3.6 OFFENTLEGE INNKJØP

Offentlig sektor bruker over 500 milliard kroner kvart år på innkjøp. Dette er midlar som oppdragsgjevarane skal nytte på best mogleg måte for å oppfylle sitt samfunnsoppdrag. Det er potensial for å effektivisere offentlege innkjøp, for å oppnå lågare transaksjonskostnader, betre priser og betre behovsdekning. Samstundes skal offentlege innkjøp også bidra til å løyse viktige samfunnsoppgåver knytt til m.a. klima og kamp mot arbeidslivskriminalitet. Å gjennomføre gode innkjøp som er i tråd med desse forventningane, er krevjande. Dette krev at ein må profesjonalisere innkjøpa gjennom mellom anna økt satsing på kompetanse, betre styring, leiing og organisering.

Offentlige innkjøp er på grunn av sitt omfang eit viktig strategisk verkemiddel i kampen mot arbeidslivskriminalitet. Offentlige innkjøperar har eit samfunnsansvar, og skal derfor stille krav til lønns- og arbeidsvilkår. Dette bidreg til å sikre arbeidsvilkåra for dei som til dømes bygg skular og sjukeheimar eller yter reinhaldstenester for det offentlige. (Difi).

Kontrollutvalet peika i sitt møte 13.05.20 på offentlege innkjøp som eit aktuelt område for vidare oppfølging.

Sykkylven kommune har ikkje hatt saker i KOFA dei siste åra. For fleire år sidan var det ei klage til KOFA som gjaldt IT, og som medførte bot. Det har etter dette vore forsøkt diverse tilnærmingar på området mtp utlysing mv, og vi forstår det no slik at sak om dette var til handsaming i siste kommunestyremøtet før sommaren der det vart vedteke at kommunedirektøren skal leggje fram nye utgreiingar.

Det er ikkje eiga innkjøpsavdeling i kommunen, men Sykkylven er med i innkjøpssamarbeidet som er i regi av Ålesund kommune. Dette samarbeidet er i stor grad knytt til rammeavtalar.

I samband med regnskapsrevisjon 2017 vart det gjort førespurnad om div innkjøp, og det vart avdekt nokre avvik som vart rapportert til Kontrollutvalet, og det vart også gitt merknad i revisjonsmeldinga om dette.

Det er eit lite kapittel om innkjøpsreglar i kommunen som ein del av økonomireglementet. Der går det og fram «Strategiske grep for å hindre svart økonomi ved innkjøp» og «Implementering av ILO-konvensjon nr. 94».

Inne i økonomisystemet til kommunen ligg det direkte link til innkjøpsavtalane som gjeld for kommunen.

Det ligg slik vi forstår det ikkje føre eigen innkjøpsstrategi eller detaljerte rutinar.

RISIKOVURDERING OFFENTLEGE INNKJØP

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens hvis risiko inntreff	S	K	V
Innkjøpa blir ikkje gjort tilfredsstillande	Kommunen deltek i innkjøpssamarbeid. Innkjøpsreglar som del av øk.reg. er ikkje særleg omfattande.	Mindre effektiv drift, økonomisk tap og misleg framferd. Svekkja tillit og omdøme.	M	H	

3.7 OFFENTLEG STØTTE

EØS-avtalen sett skrankar for mulegheitene norske myndigheiter har til å gi støtte til næringsverksemd. Regelverket om offentleg støtte er under rask utvikling og får stadig større gjennomslag både i Europa og i Norge. For å unngå unødvendige forseinkingar av planlagde støttetiltak, er det viktig med auka kunnskap om regelverket.

Vi har forstått det slik at fylkeskommunen frå og med 2020 ikkje gir påfyll til dei kommunale næringsfonda, og det er lite omfang at støtte til næringsverksemd. I juni handsame formannskapet sak om støtte frå fondet, og samla fond er opplyst å vere 150.000. Omfanget er mao ikkje stort. Ein må uansett vere merksam på regelverket om offentleg støtte dersom ein inngår kontraktar med til dømes subsidiert husleige eller andre indirekte måtar støtte kan oppstå på.

Det ligg føre Strategisk næringsplan utarbeidd av SNU AS. I 2020 er det no lagt fram sak om «Omstilling næringsutvikling, strategi og forankringsfase». Fylkeskommunen har løyvd inntil 0,5 mill. kroner frå regionale utviklingsmidlar til forprosjekt for omstillingsarbeid i Sykkylven.

Ved rekneskapsrevisjonen for 2018 testa revisjonen om det låg føre vedtak på utbetalingane frå næringsfondet. Det låg føre slike vedtak.

Revisjonen la etter oppdrag frå kontrollutvalet i 2018 fram rapport om *Tilskotsforvaltning av midlar til breiband og anskaffingar av breiband i Sykkylven kommune*. Det var der m.a. konkludert med at det skulle vore lagt fram sak til kommunestyret om tilskotet, og at det skulle vore gjennomført konkurranse.

RISIKOVURDERING OFFENTLEG STØTTE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen gir ulovleg støtte.	Komplisert regelverk. Omfanget av støtte er ikkje stort.	Urettferdig. Svekkja omdøme.	M	M	

3.8 ETIKK OG VARSLING

Eitt av formåla med kommunelova er å legge til rette for tillitsskapande forvaltning som bygger på høg etisk standard. Etikk er ein integrert del av all arbeidspraksis. Etikk er dei verdiprioriteringane som ligg til grunn for alle avgjersler eller handlingar.

KS og Transparency International Norge (TI) rår til at kommunane har etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde, og at retningslinjene bør vere handsama av kommunestyret. KS og TI anbefalar at dei etiske retningslinjene også blir gjort gjeldande for kommunale føretak. I årsmeldinga skal kommunen skal gjere greie for tiltak som er sett i verk og tiltak som er planlagt sett i verk for å sikre trygg kontroll og en høg etisk standard i verksemda og i kommunale føretak.

Arbeidstakar har rett til å varsle om kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen. Arbeidsgjevar har plikt til å sette i verk tiltak for å legge til rette for intern varslingsrutiner. KS og Arbeidstilsynet rår til at kommunane utarbeider skriftlege rutinar for dette.

Sykkylven kommune har etiske retningslinjer som er vedtekne 10.12.2012.

Det blir opplyst følgande i årsmeldinga for 2019:

«Overordna etiske retningslinjer vart sist vedteke i kommunestyret 10. desember 2012. Rådmannen har fått attende rapportar om at desse retningslinjene er gått gjennom med dei tilsette i einingane/avdelingane.

I samband med ny kommunestyreperiode 2015-2019³ er retningslinjene gått gjennom på nytt både politisk og administrativt»

Kommunen har utarbeidd varslingsrutinar som ligg tilgjengeleg i Risk Manager.

RISIKOVURDERING ETIKK OG VARSLING

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen har ikkje tilfredsstillande etisk standard.	Kommunen har etiske retningslinjer som blir gått gjennom jamleg.	Svak rettstryggleik for innbyggjarar/tilsette. Kan få misleg framferd og svekka omdøme.	M	M	
Det blir ikkje lagt til rette for varslingsrutiner av misleg framferd mv.	Kommunen har prosedyrer og system for varslingsrutiner.	Svak rettstryggleik for innbyggjarar/tilsette. Kan få misleg framferd og svekka omdøme.	L	M	

³ Det er nok her meint 2019-2023

3.9 INFORMASJONSSIKKERHEIT OG PERSONVERN

Personvern handlar om retten til privatliv i fred som er eit grunnleggjande prinsipp i ein rettsstat. Idealet er at kvar einiskild skal ha råderett over eigne personopplysningar. Ny lov om handsaming av personopplysningar (2018) gjennomfører EU si personvernforordning (GDPR) i Norge og gjer personvernforordninga til norsk lov.

Myndigheitene si satsing på ein heildigital offentlig forvaltning fører til at informasjonssikkerheit og risikovurdering blir ein sentral del av arbeidet med IKT-system og verksemdprosessar. Personvernforordninga (GDPR) inneber at kommunar skal gjennomføre og dokumentere at tilsette har gjennomført opplæring i personvern og informasjonssikkerheit. Hensikta med personellsikkerhet er å legge til rette for at tilsette og andre forstår sitt ansvar og er eigna for rolla dei har, slik at risiko for tap, driftsforstyringar, svindel og misbruk blir redusert til eit akseptabelt nivå. Målet er å forhindre tilkomst til, skade på og forstyrning av lokalar, IKT-system og informasjon. Hensikta er å sikre integritet, tilgjengelegheit og konfidensialitet til informasjon som blir handsama for å løyse oppgåvene til verksemda, og til alle driftsmessige og systemmessige IKT leveransar.

Mange kommunar har ei handbok for informasjonssikkerheit. Denne kan bli integrert som eit kapittel i verksemda sine rutinar eller den kan stå for seg sjølv. I tillegg til ei handbok bør det vere overordna retningslinjer i form av ein «informasjonstryggleikspolicy» for verksemda. (nettvett.no).

Sykkylven kommune har personvernombod gjennom avtale med Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal (IKA). Kontaktinfo til vedkommande er lagt ut på heimesida til kommunen. Det er og lagt ut omfattande og god informasjon om GDPR og handtering av personopplysningar.

Arkivet kontrollerer postlista kvar morgon, og lista blir kontrollert av to personar for å sjekke og rette opp eventuelle feil. Postlista blir offentlig etter to dagar.

Dei siste åra har ei rekke kommunar tatt i bruk ulike «apper» til kommunikasjon mellom foreldre og tilsette i skular og barnehagar. Det har vore tilfelle der personopplysningar har blitt gjort tilgjengeleg for personar som ikkje skulle ha slik informasjon. Det er viktig at kommunar ved innføring av «apper» eller liknande, sikrar at desse ikkje fører til at sensitive opplysningar blir tilgjengeleg for andre enn dei som har rett til dette.

Det tidlegare nemnde «Styring og kvalitetsutvalet» har også dette med informasjonssikkerheit og personvern på dagsorden. IKT deltek både på nivå 1 (leiinga) og nivå 2 (3 forskjellige sektorar). Informasjonssikkerheit er eiga fane i kvalitetssystemet. Det ligg inne ei rekkje rutinar for IKT-sikkerheit.

Kontrollutvalet framheva mellom anna informasjonssikkerheit som eit aktuelt tema å sjå nærare på.

RISIKOVURDERING INFORMASJONSSIKKERHEIT

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Informasjonssikkerheita er ikkje tilfredsstillande	Personvernombod gjennom IKA. God informasjon på heimeside. Postjournal blir kontrollert. Vanskeleg område med rask utvikling.	Sensitive opplysningar for innbyggjarar eller viktige opplysningar for kommunen kan bli spreidd til uvedkommande	L	M	

3.10 ARBEIDSMILJØ OG KOMPETANSE

Tilhøva på ein arbeidsplass kan innehalde både oppbyggjande og nedbrytande arbeidsmiljø-faktorar. Desse arbeidsmiljøfaktorane bør bli vurdert både enkeltvis og samla med utgangspunkt i mulige innverknader på arbeidstakarens fysiske og psykiske helse og velferd.

Vurdering av arbeidsmiljø er delvis ei subjektiv vurdering. Det er den enkelte si oppleving av eigen arbeidssituasjon som ligg til grunn. Det som er akseptabelt for nokre kan vere uakseptabelt for andre. Derfor behøver ikkje eit arbeidsmiljø vere kollektivt godt/dårlig, sjølv om det for enkelte kan bli opplevd som akseptabelt/uakseptabelt.

Det fins ei rekkje lovfesta krav til arbeidsmiljøet, jf. lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv (arbeidsmiljølova).

Både arbeidsgjevar og arbeidstakar har interesse av at arbeidsplassen er helsefremmande. Friske og motiverte medarbeidarar er ein nøkkelfaktor i gode og effektive bedrifter. For den enkelte betyr ein helsefremmande arbeidsplass betre livskvalitet gjennom økt jobbtillfredsheit og færre jobbrelaterte helseplager.

Kommunen er del av avtale om inkluderande arbeidsliv, og har bedriftshelseteneste. Det blir vidare opplyst at det blir gjennomført medarbeidarundersøkingar med jamne mellomrom, og medarbeidersamtalar.

KS sin statistikk⁴ viser at det var ei auke i sjukefråveret frå 8,4% i 2017 til 10,6% både i 2018 og 2019 (tal ved utgangen av 3.kvartal begge åra).

I 2019 var tilsvarande tal for andre kommunar 9,8%.

Kommunen deltek i NED-prosjektet som er eit samarbeid mellom KS og NAV for å få ned sjukefråværet i kommunal sektor.

Kommunen har oppretta arbeidsmiljøutval (AMU).

Tilbakemeldingar frå enkelte leiarar og også slik det går fram i budsjettdokumentet, kan tilseie at det innan enkelte sektorar er vanskeleg å rekruttere tilsette med nødvendig og ønska kompetanse.

RISIKOVURDERING ARBEIDSMILJØ OG KOMPETANSE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Arbeidsgjevar- ansvaret blir ikkje ivareteke på ein tilfredsstillande måte	Sjukefråværet er høgt. Det blir gjennomført medarbeidarundersøkingar og samtaler. Vanskeleg å skaffe rett kompetanse i enkelte sektorar	Kommunen sitt omdøme som arbeidsgjevar kan bli svekka, noko som kan gjere rekruttering og å behalde medarbeidarar vanskelegare.	M	M	

⁴ <https://www.ks.no/fravarstall>

3.11 SAMFUNNSSIKKERHEIT OG BEREDSKAP

Forskrift om kommunal beredskapsplikt pålegg kommunane å arbeide heilskapleg og systematisk med samfunnssikkerheit og beredskap.

Fylkesmannen hadde tilsyn med «Kommunal beredskapsplikt» i 2017. Tilsynet avdekte ingen avvik. Det var gitt to merknader:

- Kommunen bør:
 - o Lage ein prioritert handlingsplan basert på funna i ROS-analysen.
- Kommunen bør:
 - o Revidere beredskapsplanen med utgangspunkt i ny handlingsplan i ROS-analysen, for betre å imøtekome forskriftskrava.
 - o Sjå til at planverket beskriv ajourhald og revisjon i trå med forskriftskrava.
 - o Varslingslister og ressuroversiktar kan med fordel flyttast til CIM.

Kommunen har fleire beredskapsplanar på heimesida:

- Plan for omsorgsberedskap i Sykkylven kommune (ajour juni 2019)
- Plan for kriseleiinga (ajour juni 2019)
- Beredskapsoversyn (ajour juni 2019)

Det er og eige beredskapsplanverk for Åkneset.

Kommunen har utarbeidd Heilskapleg Risiko- og sårbarheit grovanalyse for Sykkylven kommune 2017.

I budsjettdokumentet for 2020 blir det vidare vist til at kommune har vedteke «Dokumentasjon for kartlagt risiko for brann og redning i Sykkylven kommune».

Kontrollutvalet framheva mellom anna samfunnssikkerheit og beredskap som eit aktuelt område, og jf. pandemisituasjonen vart det nemnt i Kontrollutvalet at ein kanskje bør vurdere å evaluere handteringa i etterkant.

RISIKOVURDERING SAMFUNNSSIKKERHEIT OG BEREDSKAP

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen ivaretar ikke krav til samfunns-sikkerhet og beredskap.	Kommunen har beredskaps-planer der ansvar og oppgaver er bestemt. Planene gjennomgås jevnlig.	Hendelser blir håndtert på en tilfeldig måte. Kommunens om-dømme kan bli svekket.	L	H	

4 KOMMUNALE TENESTER - SEKTORAR

4.1 BARNEHAGE

Barnehagen skal legge eit godt grunnlag for vidare utvikling og læring. Målet er ein trygg barnehage med kvalifiserte og omsorgsfulle vaksne, ein barnehage der barna kan leike og lære.

Det er krav til kvalitet i barnehagen for at barn skal få ein god start og gode muligheiter til å klare seg vidare i livet⁵. Retten til barnehageplass gjeld for alle barn som fyllar 1 år innan utgangen av november det året det blir søkt om barnehageplass. Barnehagane skal være tilgjengelige for alle barn og uavhengig av foreldra sin økonomi.

Barnehageområdet i Sykkylven hadde eit mindreforbruk på 2,6 mill. kroner i 2019. 1,2 mill. kroner av dette skuldast lågare tilskot til private enn budsjettet.

På barnehagefakta.no finn ein informasjon om barn per tilsett, barn per barnehagelærer, dei tilsette si utdanning og foreldretilfredsheit. Foreldretilfredsheit hausten 2019 (maks 5,0) ligg inne berre for to barnehagar: Tryggheim barnehage 4,6 og Ikornnes Fus barnehage as 4,8. Det nasjonale gjennomsnittet var 4,5.

Det blir og gitt informasjon om barnehagen oppfylte pedagognormen per 15.12.2019. Av 9 barnehagar som blir omtalt blir det opplyst at berre 3 oppfyller pedagognormen utan dispensasjon (Blakstad naturbarnehage, Tandstad barnehage og Krikane barnehage) . Dei resterande har dispensasjon (Ullavik barnehage, Vikedalen barnehage, Tryggheim barnehage, Velledalen naturbarnehage, Ikornnes Fus barnehage as og Vik barnehage).

I KOSTRA går det fram at andel barnehagelærarar i høve til grunnbemanninga er omtrent på same nivå i Sykkylven som landet elles og i samanliknbare kommunar. Det går vidare fram i KOSTRA at andel barn 1-5 år som går i barnehage er på same nivå/litt høgare enn samanliknbare kommunar og landet elles.

Andel barn i barnehagar som får spesialpedagogisk hjelp er over dobbelt så høgt som i samanliknbare kommunar. Eit aktuelt forvaltningsrevisjonsprosjekt kunne vore å sjå nærare på vedtak/tildeling av ressursar til spes.pedagogisk hjelp.

Det er spelt inn at ein kunne sjå nærare på grunnbemanninga i barnehage innanfor gjeldande opningstider, og at det kan vere utfordrande for små barnehagar med lang åpningstid.

⁵ <https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/barnehager/innsikt/Rett-til-barnehageplass/id2344761/>

RISIKOVURDERING BARNEHAGE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Barnehagane held ikkje økonomisk ramme	Barnehageområdet hadde eit mindreforbruk i 2019. Tilskot til private barnehagar avhenger av eigne driftsutgifter. Utgifter til spes.ped. over budsjett.	Barnehagane brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	L	M	
Kvaliteten i barnehagane er ikkje tilfredsstillande	Fleire barnehagar har dispensasjon frå pedagognormen. Andel barnehagelærarar er som samanliknbare kommunar. Høgt tal på spes.ped. hjelp.	Barna får ikkje eit kvalitativt rett tilbod	M	M	
Kommunen fyller ikkje opp krav om rett til barnehageplass	Barnehagedekninga er relativt god.	Barn får mindre pedagogisk, sosial og kulturell opplæring enn ønskeleg. Arbeidskraft blir ikkje utnytta. Mindre tilflytting og vekst	L	M	

4.2 GRUNNSKULE

Det er eit mål at skulen skal ha høg kvalitet og gi den enkelte og samfunnet naudsynnte føresetnader for framtidig velferd, verdiskaping og en berekraftig utvikling. Skulen skal bygge på prinsippet om likeverdig og tilpassa opplæring for alle i ein inkluderande skule. Det er eit mål at alle elevar skal oppnå grunnleggjande ferdigheiter og oppleve mestring og utfordring i skulen. (Kilde: regjeringen.no)

Kommunen vedtok i 2019 Skuleeigar sin strategiplan for Sykkylvsskulen 2019-2023. Planen gir klare målsettingar for Sykkylvsskulen dei neste åra, både for faglege resultat, og for arbeidsmiljø der til dømes det er eige mål på sjukefråvær.

Det generelle biletet er at det ser ut til å bli ein nedgang i elevtalet i grunnskulen i Sykkylven. Det går vidare fram i budsjett/økonomiplan at alle skulane ligg innanfor den såkalla lærarnorma.

I 2019 låg resultatet på nasjonale prøver for 5.trinn i Sykkylven litt under gjennomsnittet for landet. Resultata for dei einskilte skulane varierte. Resultata på 8./9.trinn var omtrent som gjennomsnittet for landet. I Kvalitets- og utviklingsmeldinga går det fram at eksamensresultata i 2018 i norsk hovudmål var litt under landsgjennomsnitt, medan standpunkt var heile 0,6 karakter under landsgjennomsnitt. I matematikk var det motsett eksamensresultat 0,5 under landsgjennomsnitt, medan standpunkt var rett under gjennomsnitt.

Det går fram av budsjett/økonomiplan at PPT har fått full bemanning, og difor også har klart å redusere ventelistene. Dei melder om ei sterk auke i talet på elevar som har utfordringar i forhold til åtferdsvanskar og innanfor autismespekteret. KOSTRA-tal viser at det var eit høgt timetal pr. elev med spesialundervisning og eit høgt tal på elevar som får spesialundervisning, i forhold til samanliknbare kommunar.

Det blir opplyst om at det ser ut til å vere forskjellar mellom skulane når det gjeld omfang av spesialundervisning. Eit aktuelt forvaltningsrevisjonsprosjekt kan difor vere å sjå nærare på spesialundervisning/tildeling av ressursar. Dette er og spelt inn frå kommunen sin administrasjon som aktuelt tema.

Når det gjeld digitalisering i skulen ser det ut til at Sykkylven har investert mykje i datautstyr til elevane dei siste åra i forhold til andre kommunar.

Kommunen utarbeider årleg den obligatoriske tilstandsrapporten jf. Opplæringslova §13-10. Det blir gjennomført årlege elevundersøkingar i 7. og 10.trinn. Det er ikkje stor avvik i høve andre kommunar på resultat på læringsmiljø, men i 10.trinn er det litt svakare resultat på elevdemokrati og medverknad enn andre. Det er litt det same når det gjeld mobbing der kommunen har litt svakare resultat enn andre når det gjeld spørsmål på 10.trinn om ein har blitt mobba av vaksne siste 3 mnd. Det er også slik at av dei som har svart at dei blir mobba av andre elevar i 10.trinn er dette berre jenter.

Det er SFO ved Aure skule, Sørestranda skule, Ullavik skule og Vik skule. Åpningstidene er 07.30-16.15, og betalinga er delt i 3 satsar. Det blir gitt søskenmoderasjon.

Vaksenopplæringa er lokalisert til Sykkylven ungdomsskule og opplæringscenter. Det har blitt samarbeidd om tenester frå vaksenopplæringa i Ålesund.

Skulesektoren hadde samla eit meirforbruk på 0,5 mill. kroner i 2019.

I budsjettdokumentet går det fram at ein prognostiserer ein ganske stor nedgang i tal på barn i barneskulen dei komande år. Det vil ikkje vere ein tilsvarande nedgang i ungdomsskulen før frå 2025 og utover.

RISIKOVURDERING GRUNNSKULE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Skulane held ikkje økonomisk ramme	Skulane i Sykkylven dreiv samla sett om lag i balanse i 2019.	Skulane brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	L	M	
Kvaliteten i grunnopplæringa er ikkje tilfredsstillande, Spesialundervisning/tilrettelagt opplæring eller PP tenesta fungerer ikkje tilstrekkeleg	Det blir utarbeida tilstandsrapport, og gjennomfør elevundersøkingar. Resultat nasjonale prøver om lag likt/litt under snitt.. PPT har no fått full bemanning. Omfanget av spesialundervisning er høgt, og har vore høgt over tid	Elevane får ikkje tilfredsstillande læringsutbytte	M	H	
Kvaliteten i skulefritidsordninga (SFO) er ikkje tilfredsstillande	Skulane har tilbod om SFO	SFO-tilbodet er ikkje i samsvar med den betaling som blir kravd.	L	M	
Kvaliteten i vaksenopplæringa er ikkje tilfredsstillande	God informasjon på heimesidene. Deltakarar i vaksenopplæringa har vore mellom 6-9 stk dei siste åra.	Svak utnytting av den enkelte sine evner og kan gjere integrering vanskelegare.	L	M	

4.3 HELSE

Kommunane har ansvar for å sørge for gode og forsvarlege helsetenester til alle som treng det, uavhengig av alder eller diagnose. Staten har ansvar for å sikre like rammevilkår gjennom regelverk og økonomiske rammer. Staten har også ansvar for å føre tilsyn og kontroll.

Alle som er busett i ei norsk kommune, har rett til å stå på liste hos ein fastlege. Vi har god legedekning med færre innbyggjarar per fastlege enn mange andre land. Statistikken viser at kommunane har lukkast med å rekruttere fleire fastleger enn befolkningsveksten tilseier, men arbeidsoppgåvene har blitt fleire for legene. (Kilde: regjeringen.no).

Helsetenestene ligg under Barne- og familietenestene.

Rekneskapen for 2019 viser at helsetenestene som lege, helsestasjon, jordmor og fysioterapi samla hadde eit mindreforbruk.

Det er rapportert om at auka statstilskot har gjort at skulehelsetenesta har fått auka treffetid både på ungdomsskulen og den vidaregåande skulen, og at det er oppretta treffetid ved alle barneskulane. KOSTRA-tal viser at andel heimebesøk utført at jordmor innan 3 døgn etter heimkomst frå fødeavdeling (63,6%) har auka dei siste åra. Det er høgare enn landet utan Oslo (47,4%), men litt lågare enn snittet av kommunane i fylket (66,1%). Vidare er det ein høgare del helsesjukepleiarar i denne tenesta (sett i høve til innbyggjarar 0-20 år 31,7% og i høve innbyggjarar 0-5 år 140%) enn både samanliknbare kommunar (22,9% og 87,3%) og landet utanom Oslo (22,5% og 86,6%). Totalt i tenesta er det derimot litt lågare tal på årsverk enn samanliknbare kommunar og landet utanom Oslo.

I 2014 vart det gjennomført forvaltningsrevisjonen *Forvaltning, kapasitet og samarbeid innan legetenesta i Sykkylven kommune* med diverse tilrådingar på tiltak som kommunen kunne vurdere. Det er no mellom anna avklart at kommunen tek over det private legesenteret. Ei aktuell problemstilling vil alltid vere å følge opp status for arbeidet i etterkant av tidlegare rapportar.

I 2019 vart det inngått avtale med Sykkylven Legetjeneste AS om kjøp av alle aksjane i selskapet, og overtaking skal skje seinast 30.06.2021.

KOSTRA viser at gjennomsnittlig listelengde for legane i Sykkylven (1236 pasientar) er noko høgare enn samanliknbare kommunar (1100) og landet utanom Oslo (1049). Dersom ein korrigerer for kommunale timar er tala for Sykkylven 1753 pasientar, medan det for KG-gruppe 7 er 1207 og landet utanom Oslo 1156. I KOSTRA går det og fram at andel kvinnelege legar har auka (40%), men fortsat er det lågare enn samanliknbare kommunar (47,4%) og landet utanom Oslo (45,5%)

Ny Helse- og omsorgsplan 2020-2028 er sendt på høyring.

RISIKOVURDERING HELSE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Helsetenesta held ikkje økonomisk ramme	Samla hadde aktuelle tenesteområde eit mindreforbruk i 2019	Helsetenesta brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	L	M	
Kvaliteten i førebyggjande helsetiltak i helsestasjonen er ikkje tilfredsstillande	Auka heimebesøk innan 3 dagar av jordmor.	Mor og barn får ikkje dei førebyggjande helsetenestene dei har krav på.	L	M	

Kvaliteten i førebyggjande helsetiltak i skulehelsetenesta er ikkje tilfredsstillande	Auka kapasitet. Ikkje funne indikasjonar på at det ikkje blir levert forsvarlege tenester.	Innbyggjarane får ikkje helsetenestene dei har krav på.	L	M	
Fastlegedekninga i kommune er ikkje tilfredsstillande	I periodar har det vore vanskeleg å rekruttere. Noko høgare listelengd enn samanliknbare.	Innbyggjarane får ikkje helsetenestene dei har krav på.	M	M	

4.4 BARNEVERN

Barnevern har som hovudoppgåve å sikre barn og unge sine oppvekstvilkår.

Barnevernet skal beskytte barn mot omsorgssvikt og motverke at barn lider fysisk og psykisk overlast. Blir barnevernet kjent med slike forhold, har det ei lovbestemt plikt til straks å undersøke korleis barnet har det, og om nødvendig sette i verk tiltak. Jf. barnevernlova har barneverntenesta plikt til å gjennomgå ei melding snarast, og om nødvendig, gjennomføre ei nærare undersøking seinast innan 3 mnd. Dersom det er naudsynt å sette i verk tiltak, skal dette bli gjort seinast 6 veker etter at undersøkinga er avslutta. Sidan lovgjeverane ser det som viktig at barna får hjelp i tide, kan kommunen få mulkt dersom fristane ikkje blir haldne.

Barnevernet sitt arbeid er ei blanding av støtte og kontroll. Det skal gi hjelp og støtte slik at heimen skal kunne makte sitt ansvar for oppdraging, men det har og plikt til å gripe inn dersom dette ikkje nyttar. (Kjelde: regjeringen.no, Q-0801)

I Sykkylven er barneverntenesta ein del av Barne- og familietenestene. I budsjett og økonomiplan 2020-2023 går det fram at barneverntenesta i 2019 hadde oppfølging av om lag 30 barn pr. årsverk, og at dette er mykje høgare enn i fylket og i landet elles. Vidare at det var brot på lovpålagde tidsfristar og oppfølging av fosterbarn. I KOSTRA-tabellen som er vedlagt går det fram at Sykkylven bruker mindre kroner pr innbyggjar i relevant aldersgruppe enn både samanliknbare kommunar og landet elles. Det går og fram at barn med undersøking eller tiltak pr. årsverk har gått ned til 22,4, og dette er berre litt høgare enn samanliknbare kommunar. Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månadar er ein del lågare enn samanliknbare kommunar.

I budsjett/økonomiplan går det vidare fram at sakane vert stadig meir komplekse, og at det er ei urovekkjande auke i talet på voldssaker mot barn, og rusbruk av foreldre.

Barneverntenesta vart styrka med eitt årsverk hausten 2019, og eininga vurderer at det no er tilstrekkeleg kapasitet.

Sykkylven kommune er med i ei interkommunal barnevernvakt på Sunnmøre. Denne vakta er open heile døgnet, heile året. Hovudoppgåva til den interkommunale barnevernvakta er å hjelpe barn og familiar i akutt krise. Ålesund kommune er vertskommune for ordninga.

RISIKOVURDERING BARNEVERN

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kvaliteten i barnevernet er ikkje tilfredsstillande	Tal på barn med undersøking per årsverk har gått ned. Tal på undersøkingar med handsaming innan 3 mnd er relativt lavt. Styrka teneste i 2019.	Innbyggjarane får ikkje dei barnevernstenestene dei har krav på.	L	H	

4.5 PLEIE OG OMSORG

Kommunane har ansvar for tenestetilbodet til alle menneske med behov for pleie- og omsorgstenester, utan omsyn til alder eller diagnose.

Kommunane har ansvaret for utbygging, utforming og organisering av eit forsvarleg og godt tenestetilbod til den enkelte som har behov for pleie- og omsorgstenester. Staten har ansvar for å sikre kommunane gode rammevilkår gjennom regelverk og økonomiske rammer og ved å føre tilsyn. Staten skal vidare legge til rette for kommunal planlegging og utvikling i balansen mellom omsynet til eit likeverdig tenestetilbod til alle og tilpassing til lokale forhold og behov.

Omsorgstenestene må bli organisert slik at brukar så langt som mulig kan leve og bo sjølvstendig og ha ein aktiv og meningsfull tilvære i fellesskap med andre. Tenestene skal bli utforma i samråd med brukaren.

Kommunale helse- og omsorgstenester består i hovudsak av ulike former for heimetenester, som for eksempel heimesjukepleie og praktisk bistand, opphald i institusjon, og tilbod om avlastningstiltak, støttekontakt og omsorgsløn. Som ein del av ordninga med praktisk bistand skal alle kommunar ha tilbod om Brukarstyrt personlig assistanse (BPA). Dette er ei alternativ organisering av praktisk bistand etter lov om sosiale tenester. Det er kommunen som avgjer om brukarane skal få organisert tenestene som BPA. Ordninga inneber at tenestemottakaren har eigne faste assistentar som han eller hun har arbeidsleiaransvar for.

Utover dette kan den enkelte kommune ha ordningar og tilbod spesielt tilpassa eigen kommune, som for eksempel matlevering og tryggleiksalarm. (Kilde: regjeringen.no)

Rekneskapen ved BUAS viste eit mindreforbruk på 1 mill. kroner i 2019, men budsjettet var då styrka med eingongsmidlar frå fond.

Det er no oppretta tildelings-/tenestekontor – koordinerande eining. Dette skal vere «ei dør inn» for mottak og handsaming av kommunale helse- og omsorgstenester.

KOSTRA-tal viser at har vore ein gradvis reduksjon i kor stor del av innbyggjarane 80+ som anten får heimetenester eller bur på sjukeheim. Det er likevel framleis slik at denne delen er ein del høgare enn i samanliknbare kommunar (44,2% mot 38,4% - landsgjennomsnittet var 41,3%). Det er og slik at Sykkylven brukar meir på helse- og omsorg pr. innbyggjar enn samanliknbare kommunar (kostragruppe 7), sjølv om ein brukar mindre enn landsgjennomsnittet.

Fysioterapitimer pr. veke pr. busett i sjukeheim var i 2019 ein del lågare i Sykkylven enn i samanliknbare kommunar og landet elles. Legetimer pr. veke pr. bebuar i sjukeheim var i 2018 og 2019 om lag som samanliknbare kommunar og landet elles mot at det i 2017 var ein del lågare.

KOSTRA viser vidare at det har vore ein reduksjon dei siste åra i tal på kommunalt disponerte bustader pr. 1000 innbyggjarar. I 2019 var talet 26, men dette er høgare enn samanliknbare kommunar (15) og Landet utanom Oslo (21).

Det har samla dei 4 siste åra blitt utgiftsført ca 0,5 mill. kroner til betaling til helseføretaket for utskrivingsklare pasientar.

Sykkylven rapporterte inn 27,4 mill. kroner i utgifter til ress.krevjande tenester i 2019. Tilskotet for dette er berekna til 13,2 mill. kroner. I 2018 var rapporterte utgifter 28,6 mill. kroner og tilskotet 13,8 mill. kroner. Endringar i brukarar kan gi store økonomiske utslag.

Ny helse- og omsorgsplan vart sendt på høyring november 2019. i samband med budsjett/økonomiplan vart det mellom anna skissert ei rekkje tiltak for å styrke BUAS. Det er og m.a. lagt inn 0,5 ergoterapeut i heimetenestene.

Fylkesmannen hadde «umeld tilsyn med vurdering av samtykkekompetanse og bruk av tvang etter pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A» i 2019. Det var funne følgande brot på lov og forskrift:

- Sykkylven kommune yter helsehjelp i form av låst dør ut frå skjerma avdeling, samt port ut frå sansehage, utan at det er vurdert opp mot reglane i pasient og brukarrettslova kapittel 4 A.

RISIKOVURDERING PLEIE OG OMSORG

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
«Sjukeheim» held ikkje økonomisk ramme	Mindreforbruk i 2019, men det er økonomisk utfordrande.	Sjukeheim brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
Kommunen er ikkje tilpassa samhandlingsreforma	Utgifter til liggjedøgn dei 4 siste åra har vore lave.	Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i institusjon dei har krav på. Kommunen kan få økonomiske tap.	L	M	
Kvaliteten i sjukeheim er ikkje tilfredsstillande	Det er gjennomført brukarundersøkingar. Lågt tal på timer frå fysioterapi. Det er leigt inn ein del vikartenester, men samstundes er ikkje sjukepleiardekninga låg samanlikna med andre kommunar. Det er gjort fleire tiltak i budsj/økonomiplan.	Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i institusjon dei har krav på.	L	H	
Heimetenestene held ikkje økonomisk ramme.	Mindreforbruk i 2019. Kan vere uforutsigbare utgifter.	Heimetenestene brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	L	M	
Kvaliteten i heimetenesta er ikkje tilfredsstillande	Stort fokus på å heve kompetanse. Mykje samarbeid med pårørande.	Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i heimane dei har krav på.	L	H	
Bu og rehabilitering held ikkje økonomisk ramme	Det var eit meirforbruk på 0,5 mill. i 2019, og om lag balanse i 2018.	Bu og rehab brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
Kvaliteten i tilbodet til funksjonshemma er ikkje tilfredsstillande		Funksjonshemma innbyggjarar får ikkje den pleie og omsorg og hjelp dei har krav på.	L	H	

Det er for få kommunale bustader	Tal har gått ned, men høgare enn samanliknbare kommunar.	Dei som har behov for bustader kan få dårlegare livskvalitet.	L	M	
----------------------------------	--	---	---	---	---

4.6 PSYKISK HELSE OG RUS

I 2017 hadde Fylkesmannen tilsyn med «kommunale tenester til personar med samtidig rusmiddelbruk og psykisk lidning i Sykkylven kommune». Det var avdekt eit avvik, og konklusjonen var:

